



Årsrapport for busetting

2017

Innhold

| | |
|---|----|
| Hovudtrekk | 2 |
| Del 1: Måloppnåing - styringsparametre for rask busetting | 3 |
| Del 2: Busette | 4 |
| Del 3: Busettingsklare i mottak | 7 |
| Del 4: Einslege mindreårige | 9 |
| Del 5: Familiar | 11 |
| Del 6: Einslege vaksne | 13 |
| Del 7: Nasjonalitet | 14 |
| Del 8: Overføringsflyktningar | 15 |
| Del 9: Særskilt tilskot for busetting | 15 |
| Del 10: Vedtak om busettingsplassar | 16 |



Hovudtrekk

Årsrapporten tek for seg tal for busette og busettingsklare per 31.12.2017. Denne sida gir eit overblikk over hovudtrekka i rapporten.

Tal på busette og busettingsklare per 31.12.2017

| | Busette | Busettingsklare |
|----------------------|---------|-----------------|
| Totalt | 11 078* | 1 045*** |
| Einslege mindreårige | 759** | 71 |
| - IMDi | 486 | 48 |
| - Bufetat | 273 | 23 |
| Familiar | 6 771 | 650 |
| Einslege vaksne | 3 495 | 324 |

*Totaltalet inkluderer 53 personar med skjerna identitet.

**Totaltalet inkluderer m.a. personar busett gjennom Bufetat.

***Totaltalet inkluderer busettingsklare i Bufetat sine omsorgscentra samt personar i alternativ mottaksplassering.

Måloppnåing per 31.12.2017

| Busetting innan: | 3 mnd | 6 mnd | 12 mnd |
|----------------------|-------|-------|--------|
| All busetting | | 76 % | 97 % |
| Einslege mindreårige | 62 % | 83 % | 96 % |
| - IMDi | 67 % | 87 % | 98 % |
| - Bufetat | 53 % | 75 % | 92 % |
| Familiar | 22 % | 82 % | 98 % |
| Einslege vaksne | | 69 % | 97 % |


Busettingsplassar - nytta og unytta per 31.12.2017

| | Busette | Søkt ut og bodsendt | Totalt | Vedtak | Plassutnytting | |
|-----------|---------|---------------------|--------|--------|---|--|
| | | | | | Ekskludert dei som er søkt ut og bodsendt | Inkludert dei som er søkt ut og bodsendt |
| Nasjonalt | 11 078* | 924** | 12 002 | 12 158 | 91 % | 99 % |

* Inkluderer 53 personar med skjerna identitet.

**Totaltalet inkluderer m.a. personar søkt ut gjennom Bufetat

Vedtak om busettingsplassar i høve til oppmoding




49 kommunar seier ja til 356 fleire flyktningar enn dei vart oppmoda om (2807 plassar vart vedteke)

294 kommunar seier ja til det talet flyktningar dei vart oppmoda om (8717 plassar vart vedteke)

38 kommunar seier ja til færre flyktningar enn dei vart oppmoda om (634 plassar vart vedteke, 465 plassar vart ikkje vedteke)

Busetting (måltal og faktisk) - månadleg og akkumulert



Busettingsplassar - totalt

| Opp-moding | Komm. vedtak | Busette |
|------------|--------------|----------|
| 12 714* | 12 158 | 11 078** |
| | 96% | 91% |

*Målalet for busetting i 2017 er 11 500.

**Inkluderer 53 personar med skjerna identitet.

Busettingsplassar - einslege mindreårige

| Opp-moding | Komm. vedtak | Busette |
|------------|--------------|---------|
| 747* | 795 | 759 |
| | 106% | 95% |

*Målalet for busetting av einslege mindreårige er 700 i 2017.

Del 1: Måloppnåing

- styringsparametre for rask busetting*


Måloppnåinga for den samla busettinga i 2017 enda på 76 pst. Dette er ein nedgang på fem prosentpoeng samanlikna med 2016. Det er likevel monaleg høgare enn i 2015, kor måloppnåinga enda på 51 pst.

I 2017 er resultatkravet auka frå 55 pst til 90 pst busette innan 6 månadar etter vedtak om opphald.

1.1 MÅLOPPNÅING FOR BUSETTING PER 31.12.2017

| BUSETTING INNAN: | 3 MND | 6 MND | 12 MND |
|----------------------|-------|-------|--------|
| All busetting | | 76 % | 97 % |
| Einslege mindreårige | 62 % | 83 % | 96 % |
| - IMDi | 67 % | 87 % | 98 % |
| - Bufetat | 53 % | 75 % | 92 % |
| Familiar | 22 % | 82 % | 98 % |
| Einslege vaksne | | 69 % | 97 % |

1.2 HISTORIKK MÅLOPPNÅING



Figuren over syner utviklinga i del busette innan 3 månadar (einslege mindreårige og familiar) og 6 månadar (einslege vaksne og den samla busettinga) over tid.


Måloppnåinga viser at busettingsarbeidet går monaleg raskare for einslege mindreårige. Dette er ein sær positiv utvikling etter nedgangen i 2015.

Sjølv om dette er ei positiv utvikling, må busettinga likevel gå enda raskare for å nå målsettinga om 80 pst busette einslege mindreårige innan tre månadar etter vedtak om opphald. Dersom ein skil mellom dei som vart busett av IMDi (15-18 år) og dei som vart busett av Bufetat (under 15 år) var måloppnåinga høvesvis 67 pst og 53 pst. [Les meir om einslege mindreårige i del 4.](#)

Den største reduksjonen frå førre år gjeld familiar. Måloppnåinga for denne gruppa auka frå 2015 til 2016, men har sidan sunke med 10 prosentpoeng og er no på 22 pst. [Les meir om familiar i del 5.](#)

Medan den samla måloppnåinga har gått noko ned sidan førre år, ligg den likevel på eit høgt nivå samanlikna med tidlegare år.


1.3 HISTORIKK MÅLOPPNÅING OG BUSETTINGSKLARE



Figuren over syner den historiske samanhengen mellom kor mange som har venta i mottak ved utgangen av kvart år og den samla måloppnåinga som vart oppnådd det same året. I 2016 auka måloppnåinga samstundes med at talet på busettingsklare auka. Dette heng saman med at mange nye personar fekk vedtak om opphald samstundes med at busettinga i 2016 gjekk føre seg i eit stort volum og høgt tempo.

Både måloppnåinga og talet på busettingsklare har gått ned i 2017. Talet på busettingsklare har ikkje vore så lågt på 10 år. Det låge talet på busettingsklare gjer at ein større del av dei som ventar i mottak er personar som tek lenger tid å busette, til dømes personar med helsevanskar eller som er i familie med nokon som ikkje har løyve som gjev grunnlag for busetting. Når personar med lang ventetid vert busett, fører det til lågare måloppnåing.

1.4 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING



Figur 1.4 syner den månadlege utviklinga av måloppnåing for den samla busettinga i 2017. Variasjonen som kjem fram tyder til dømes at 84 pst av dei som vart busett i januar og februar hadde venta i mindre enn 6 månadar etter vedtak om opphald. Figuren syner ei relativ stabil negativ utvikling frem til september, kor måloppnåinga for månaden har gått ned til 65 pst. Måloppnåinga auka så fram mot årsskiftet.

Som det kjem fram i del 3 om busettingsklare, er talet på lengeventande meir enn halvert i løpet av 2017. Dette er oppnådd ved at dei har vorte busett. På så måte er ei redusert måloppnåing i tråd med dette - når ein lengeventande person er busett, medverkar det til redusert måloppnåing slik det kjem fram i grafen over. Det beste er sjølv sagt å busette personane før dei i det heile vert lengeventande, men for personar med t.d. store oppfølgingsbehov, er dette krevjande.

* Jf. tildelingsbrev 2017, Delmål 1: Rask busetting til kommunane. Resultatkrav om 90 pst busette innan 6 mnd etter vedtak om opphald, resterande del skal busettast innan 12 mnd. Resultatkrav om 80 pst busette einslege mindreårige innan 3 mnd etter vedtak om opphald.

Del 2: Busette

I 2017 vart det busett til saman 11 078 flyktningar. Dette er om lag 4 000 færre enn i fjor, og på same nivå som i 2015. Busettinga i 2017 er i tråd med behovet.

2.1 NØKKELTAL FOR BUSETTING - HISTORIKK

| | 2015 | 2016 | 2017 |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Busette totalt | 11 342 | 15 291 | 11 078 |
| Busette einslege mindreårige | 691 | 1 599 | 759 |
| - kor av IMDi | 571 | 1 138 | 486 |
| - kor av Bufetat | 120 | 461 | 273 |
| Busette personar i familieeiningar | 5 429 | 7 734 | 6 771 |
| Busette einslege vaksne | 5 148 | 5 907 | 3 495 |
| Gjennomsnittleg ventetid frå saksoppretting til busetting | | | |
| - totalt | 17,3 | 13,6 | 16,7 |
| - einslege mindreårige | 8,3 | 11,2 | 19,1 |
| - personar i familieeiningar | 18,4 | 13,1 | 15,5 |
| - einslege vaksne | 17,4 | 14,9 | 18,6 |
| Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak/innreiseløyve til busetting | | | |
| - totalt | 8,4 | 4,8 | 5,0 |
| - einslege mindreårige | 4,9 | 4,1 | 2,8 |
| - personar i familieeiningar | 6,5 | 4,3 | 5,0 |
| - einslege vaksne | 10,8 | 5,6 | 5,3 |

Busettinga var særst høg i første tertial. Dette heng truleg saman med at kommunene sitt busettingsarbeid var dimensjonert for høg busetting, etter rekordhøg busetting i 2016. Busettinga stabiliserte seg på eit noko lågare nivå i andre og tredje tertial, i tråd med det reduserte busettingsbehovet. Den har vore jamnare fordelt på både tertial og månadar i 2017 enn i dei to føregående åra. Dette tyder at kommunane i større grad planlegg busettinga gjennom året, og er ei ynskja utvikling.

Det er busett mange lengeventande personar i 2017 (personar som har venta lengre enn målsettinga jf. s. 3). Difor har ventetida frå vedtak til busetting auka for den samla busettinga i 2017 samanlikna med 2016.

Samstundes har alle persongrupper opplevd ei kortare ventetid samanlikna med 2015. Dette gjeld særleg for einslege vaksne, der ventetida er redusert med nesten seks månadar frå 2015, og no er på 5,3 månadar. I 2017 har også einslege mindreårige fått ei kraftig reduksjon i ventetid, frå 4,9 månadar i 2015 til 2,8 månadar i 2017.

Tabell 2.2 syner den fylkesvise busettinga. Rogaland og Hordaland har busett flest familiepersonar, og er samstundes dei fylka med høgast samla busetting i 2017. Dette er ein varig trend.


Det er ein nedgang i både tal og del flyktningar som er sjølvbusett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Det er om lag ein halvering av talet som har nytta seg av denne ordninga samanlikna med 2016. Desse har ei ventetid på 4,0 månadar frå vedtak til busetting. [Les meir om avtalt sjølvbusetting under 2.5.](#)

2.2 FYLKESVIS BUSETTING (INKLUDERT FAMILIEINNVANDRA)

| REGION | Einslege mindreårige | Familiepersonar | Einslege vaksne | Busette totalt* | Kor av overføringsflyktningar | Kor av flyktningar frå mottak | Kor av sjølvbusette etter avtale | Kor av familieinnvandra frå mottak | I tillegg kjem familieinnvandra |
|------------------|----------------------|-----------------|-----------------|-----------------|-------------------------------|-------------------------------|----------------------------------|------------------------------------|---------------------------------|
| Østfold | 34 | 208 | 105 | 347 | 51 | 257 | 12 | 17 | 104 |
| Akershus | 82 | 483 | 279 | 844 | 113 | 656 | 55 | 23 | 229 |
| Oslo | 32 | 383 | 415 | 830 | 130 | 612 | 144 | 4 | 92 |
| Vestfold | 37 | 188 | 161 | 386 | 34 | 336 | 25 | 5 | 63 |
| Hedmark | 20 | 295 | 126 | 441 | 143 | 284 | 14 | 5 | 86 |
| Oppland | 37 | 328 | 156 | 521 | 134 | 368 | 9 | 10 | 134 |
| Buskerud | 26 | 410 | 173 | 609 | 184 | 412 | 21 | 3 | 152 |
| Telemark | 41 | 397 | 141 | 579 | 190 | 362 | 3 | 14 | 70 |
| Aust-Agder | 24 | 279 | 133 | 436 | 85 | 336 | 1 | 4 | 49 |
| Vest-Agder | 34 | 311 | 178 | 523 | 65 | 429 | 5 | 13 | 180 |
| Rogaland | 60 | 621 | 206 | 887 | 232 | 607 | 34 | 16 | 301 |
| Hordaland | 74 | 576 | 323 | 973 | 243 | 683 | 103 | 23 | 301 |
| Sogn og Fjordane | 19 | 262 | 88 | 369 | 165 | 181 | 1 | 10 | 78 |
| Møre og Romsdal | 27 | 443 | 183 | 653 | 215 | 406 | 8 | 3 | 143 |
| Sør-Trøndelag | 52 | 375 | 289 | 716 | 174 | 519 | 6 | 12 | 220 |
| Nord-Trøndelag | 32 | 272 | 132 | 436 | 155 | 269 | 4 | 3 | 105 |
| Nordland | 66 | 474 | 250 | 790 | 237 | 516 | 13 | 13 | 236 |
| Troms | 43 | 307 | 102 | 452 | 186 | 232 | 13 | 7 | 148 |
| Finnmark | 19 | 159 | 55 | 233 | 102 | 120 | 1 | - | 51 |
| Noreg | 759 | 6 771 | 3 495 | 11 078* | 2 838 | 7 585 | 472 | 185 | 2 742 |

*Totaltalet per fylke inkluderer familieinnvandra frå mottak (dette utgjorde 185 personar). Desse er trukke frå i kolonna med dei 2 742 familieinnvandra og dei 7 585 busette frå mottak. Totaltalet for Noreg inkluderer i tillegg 53 personar med skjerna identitet som ikkje er lista på fylkesnivå.


2.3 BUSETTING (MÅLTAL OG FAKTISK) - MÅNADLEG OG AKKUMULERT



Talet på busette per måned låg høgare i dei tre første månadane i 2017 samanlikna med 2016. Dei seinare månadane har busettinga i hovudsak lege på eit jamnt nivå (med unnateke av juli), noko som gir auka føreseielegheit. Den månadlege busettinga har variert mellom 431 (juli) og 1 435 personar (mars).

Sjølv om måлтаlet på 11 500 busette ikkje vart nådd, er busettinga i 2017 i tråd med behovet.*

2.4 HISTORIKK TERTIALSVIS BUSETTING



Figur 2.4 syner korleis den tertialvise busettinga har vore fordelt kvart år frå 2012 til og med 2017.

Andre og tredje tertial i 2017 bryt ein trend der busettinga har auka i alle tertial sidan 2012. Det reduserte busettingsbehovet gjorde seg gjeldande frå andre tertial, og busettinga i tredje tertial havna på eit lågare nivå enn i både 2016 og 2015.


Det har vore ein trend at busettinga i stor grad konsentrerer seg om tredje tertial. I 2017 har derimot tyngdepunktet lege tidleg på året. Dette gjer at busettinga teikner ei positiv utvikling for jamn busetting i eit føreseieleg tempo. Dette er ei ynskja utvikling.

* Måлтаlet settes kvart år av Nasjonalt utval for mottak og busetting. I tida etter at måлтаlet på 11 500 vart satt, minka busettingsbehovet noko, og var i hovudsak likt med busettinga i 2017.

Den høge busettinga tidleg på året heng og saman med den særskilte tilskotsordninga for rask busetting. Den enkelte kommune fekk 50 000 kr i utbetaling for kvar person som vart busett innan 30. september og som samstundes oversteig oppmodinga for 2015. Høg busetting tidleg på året er i tråd med intensjonane for denne tilskotsordninga.

2.5 ALL BUSETTING

11 078*



*Totaltalet inkluderer 53 personar med skjerna identitet.


Av dei 11 078 som vart busett i 2017, vart 7 770 busett frå mottak, 2 838 var overføringsflyktingar og 417 personar oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting. I tillegg kjem 53 personar med skjerna identitet.

Av dei busette frå mottak, er delen som er familiar auka frå om lag ein tredel i 2015 til om lag halvparten i 2017. Einslege utgjer framleis eit knapt fleirtal, med 52 pst av alle busette frå mottak.

Til samanlikning er 98 pst av overføringsflyktingane som er busett i 2017 del av ein familie. Dette gjer at familiepersonar utgjer fleire enn dei einslege når ein ser på den totale busettinga.

Ikkje alle flyktingar vert busett ved at IMDi finn ein kommune til dem. Ved avtalt sjølvbusetting er det flyktingane sjølve som finn bustad. Busettinga skjer likevel etter avtale mellom IMDi og kommunen bustaden er i. I 2017 vart 472 flyktingar busett gjennom avtalt sjølvbusetting, i 72 ulike kommunar. Det er ein nedgang i både tal og del flyktingar som er sjølvbusett etter avtale mellom kommunen og IMDi. Ei mogleg årsak til dette er ein nedgang i tida frå vedtak om opphald til IMDi tildeler kommune til den einskilde flykting, som en kan syne i 2.9. Auka bruk av avtalt sjølvbusetting er eit verkemiddel som kan medverke til raskare busetting for mange flyktingar. Medan gjennomsnittleg ventetid frå vedtak til busetting for den samla busettinga var 5,0 månadar, var ventetida 4,0 månadar for flyktingar som nytta avtalt sjølvbusetting.


2.6 PERSONKATEGORIAR AV BUSETTE



Familiepersonar utgjer den største delen av dei busette. Dette er ei auke på 11 prosentpoeng frå 2016. Det heng saman med at overføringsflyktningar, kor 98 pst er del av ein familie, utgjer ein større del av den totale busettinga i 2017 samanlikna med førre år. Den samla persondelinga kjem fram i figuren over.

32 pst av dei busette var einslege vaksne, noko som er syv prosentpoeng lågare enn i 2016. Einslege mindreårige utgjer sju pst av dei busette i 2017, ned frå 10 pst i fjor. Dette har samanheng med eit lågt tal på busettingsklare einslege mindreårige. Denne nedgangen vil halde fram til neste år. [Du kan lese meir om einslege mindreårige i del 4.](#)

2.7 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING



Gjennomsnittleg ventetid frå vedtak for alle busette i 2017 enda på 5,0 månadar. Dette er ei auke på 0,2 månadar frå ventetida i 2016. Sjølv om det vil vere viktig å motverke ein ytterlegare auke i ventetid, er det framleis ei monaleg betring frå 8,4 månadar i 2015.

Medianen er 4,5 månadar, som tyder at halvparten av dei busette hadde venta mindre enn 4,5 månadar før busetting, og halvparten hadde venta meir enn 4,5 månadar før busetting. Skilnaden på 0,5 månadar mellom gjennomsnittleg ventetid og median tyder at det er nokre av dei busette personane som hadde ei ventetid mykje høgare enn 4,5 månadar.

I 2017 vart det busett 57 personar som hadde ei ventetid på to år eller meir sidan vedtak om opphald.

2.8 VENTETID FOR BUSETTE - TOTALT

| Ventetid | IMDi | Bufetat | Totalt |
|---------------|----------------|------------|----------------|
| 0-3 mnd | 2 721 | 148 | 2 869 |
| 3-6 mnd | 5 430 | 64 | 5 494 |
| 6 mnd - 1 år | 2 289 | 45 | 2 334 |
| 1 - 2 år | 239 | 22 | 261 |
| Over 2 år | 57 | - | 57 |
| Totalt | 10 799* | 279 | 11 078* |

Gjennomsnittleg


ventetid i månadar **5,0** **3,8** **5,0**

*Totaltala inkluderer 53 med skjerma identitet og 10 busette utan registrert vedtaksdato.

Tabell 2.8 viser ventetida frå vedtak til dei som vart busett i 2017. Blant dei busette er det 296 personar som hadde ei ventetid på over eitt år.

Til samanlikning var det ved utgangen av året 103 busettingsklare personar med ei ventetid på eitt år eller meir. Det vil vere viktig å busette desse som har venta lengst. [Du kan lese meir om busettingsklare i del 3.](#)

2.9 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - TOTALT



Figuren over syner utvikling i ventetid for alle personar som er busett frå mottak. Der kjem det fram at ventetida frå vedtak til busetting har gått jamnleg opp frå 2012 fram til 2015. Deretter har det vore ein monaleg nedgang i ventetid frå vedtak til busetting, spesielt frå 2015 til 2016. Dette er ei positiv utvikling.

Som det kjem fram av grafen omhandlar nedgangen i all hovudsak tida frå vedtak til utsøking (tildeling av busettingsplass), medan det kun er mindre endringar i tida frå utsøking til busetting. Det vil seie at den monalege nedgangen i hovudsak ligg i IMDi sin tidsbruk for å inngå avtale med kommunane om busetting av einskildpersonar. Denne nedgangen har fleire årsaker. Den heng mellom anna saman med ei intern omorganisering av busettingsarbeidet i IMDi i løpet av 2016 og 2017, kor busettingsarbeidet gradvis har vorte sentralisert. I tillegg har kommunane gjort busettingsplassane tilgjengelege til rett tid. I 2017 har IMDi også introdusert eit nytt digitalt system for sakshandsaming for busetting, noko som gjer ein del prosessar raskare. Framover vil det likevel vere naturleg å redusere tida frå tildeling av kommune og fram til busetting.

Tida frå saksoppretting til vedtak er det UDI som rår over.

Del 3: Busettingsklare i mottak

Ved utgangen av 2017 var det 418 personar som venta på at IMDi skulle tildele dei ein kommune. I tillegg kjem dei som venta på busettingssamtale i UDI-mottak og dei med familiemedlemmar som ikkje skal busettast.

Samstundes var 468 personar tildelt ein kommune, og venta på å flytte til kommunen. Til saman var det difor 1 045 i mottak ved utgangen av året som hadde eit vedtak som gir grunnlag for busetting.

3.1 NØKKELTAL FOR BUSETTINGSKLARE - HISTORIKK

| | 31.12 2015 | 31.12 2016 | 31.12 2017 |
|--|---------------|---------------|---------------|
| Busettingsklare i mottak | | | |
| - totalt | 3 479 | 4 174 | 1 045 |
| - kor av einslege mindreårige | 555 | 219 | 71 |
| - kor av personar i familieeiningar | 708 | 1 890 | 650 |
| - kor av einslege vaksne | 2 216 | 2 065 | 324 |
| Lengeventande i mottak | | | |
| - totalt | 1 524 | 761 | 344 |
| - kor av einslege mindreårige | 256 | 101 | 35 |
| - kor av personar i familieeiningar | 478 | 453 | 223 |
| - kor av einslege vaksne | 945 | 207 | 86 |
| Gjennomsnittleg ventetid for busettingsklare i mottak (mnd) | | | |
| - totalt | 6,1 | 3,4 | 5,5 |
| - einslege mindreårige | 3,2 | 3,8 | 5,7 |
| - personar i familieeiningar | 6,9 | 3,5 | 5,8 |
| - einslege vaksne | 6,4 | 3,3 | 4,7 |

Talet på flyktningar i mottak som ventar på busetting (busettingsklare) har ikkje vore så lågt på ti år og er redusert til ein fjerdedel samanlikna med utgangen av 2016. Dette heng mellom anna saman med låge inkomstar av asylsøklarar, samt særleg høg busetting både i siste tertial 2016 og første tertial 2017. Talet på busettingsklare har minka jamt gjennom 2017.

Tabell 3.1 syner at ventetida frå vedtak for dei som ventar på busetting har auka for samtlege gruppar sidan 2016. Dette har mellom anna samheng med at når talet på busettingsklare er såpass lågt, vil dei med særleg høg ventetid ha større utslag på den gjennomsnittlege ventetida. Mellom anna medverkar personar i familie med ein eller fleire som har eit vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting til at den gjennomsnittlege ventetida aukar. [Les meir om dette under tabell 5.10](#). Ei median ventetid på 2,1 månadar for dei busettingsklare understøttar dette.

Av dei 1 045 busettingsklare i mottak, er 45 pst allereie tildelt ein kommune.

I tillegg til at talet på dei som har venta lengre enn målsettinga (som vi kallar lengeventande) er meir enn halvert i løpet av året, har og det samla talet på busettingsklare minka. Dette fører med seg at delen lengeventande reint statistisk har auka - frå 18 pst ved årsskiftet til 33 pst ved utgangen 2017. Når også dei lengeventande skal verte busett kan det føre med seg at måloppnåinga går ned.


3.2 VENTETID FOR BUSETTINGSKLARE I MOTTAK - TOTALT

| Ventetid | IMDi | Bufetat | Totalt |
|---|---------------|------------|---------------|
| 0-3 mnd | 581 | 8 | 589 |
| 3-6 mnd | 173 | 8 | 181 |
| 6 mnd - 1 år | 166 | 5 | 171 |
| Over 1 år | 99 | 4 | 103 |
| Totalt | 1 020* | 25 | 1 045* |
| Gjennomsnittleg ventetid i månadar | 5,5 | 6,1 | 5,5 |

*Totaltala inkluderer 1 person utan registrert vedtaksdato.

Ved utgangen av 2017 var det 274 busettingsklare personar som hadde venta meir enn 6 månadar frå vedtak om opphald, ein nedgang frå 452 personar ved utgangen av 2016. Det vil vere viktig å videreføre denne trenden i 2018.

3.3 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - TOTALT



Av dei totalt 1 045 som venta på busetting ved utgangen av 2017, var det 468 som allereie var tildelt ein kommune (søkt ut). Dette svarar til 45 pst av dei busettingsklare.

Før IMDi si sakshandsaming kan byrje, må kvar einskild person ha ein busettingssamtale i mottak. Ved utgangen av 2017 var det berre 36 som venta på denne samtalen, medan IMDi hadde starta sakshandsaminga for 418 personar.



I tillegg kjem 123 personar i familie med ein eller fleire som har eit vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting. Alle desse kjem inn under betegninga «busettingsklare», sjølv om dette er eit omgrep med nyansar. [Les meir om desse familiane i del 5.](#)


Figur 3.3 syner og at dei fleste kategoriane varierer saman med det totale talet på busettingsklare. I 2017 har det, på det jamne, vore ein høgare del flykningar som er tildelt kommuneplass samanlikna med fjoråret.

Det er ynskjeleg at færrest mogleg ventar på busettingssamtale. IMDi byrjar fordelingsarbeidet etter at samtalen er gjennomført for å kunne ta omsyn til informasjon som kan ha kome fram. Når IMDi rapporterer på gjennomsnittleg ventetid frå vedtak, tel vi og med tida som går medan dei ventar på busettingssamtalen i UDI-mottaket. Det er ei særst positiv utvikling at kun 3 pst av dei busettingsklare venta på denne samtalen ved utgangen av 2017, ein nedgang frå 16 pst i snitt frå 2016.

3.4 BUSETTINGSKLARE TOTALT - VENTETID* OG BUSETTINGSPLASS

- Lengeventande - med busettingsplass
- Lengeventande - utan busettingsplass
- Ventande under 3/6 mnd - med busettingsplass
- Ventande under 3/6 mnd - utan busettingsplass

* Einslege mindreårige og born i familie vert rekna som lengeventande etter tre månadar. Alle andre vert rekna som lengeventande etter 6 månadar.



Det var ei positiv utvikling for dei lengeventande gjennom 2016. Ved byrjinga av 2016 var 44 pst av dei busettingsklare lengeventande, medan det ved utgangen av året var berre 18 pst. I løpet av 2017 har delen auka, og 33 pst av dei busettingsklare var lengeventande ved utgangen av året.

Delen lengeventandre hare vore på 33 pst ved utgangen av kvart tertial i 2017. Det tyder samstundes at talet på lengeventande har vorte redusert i takt med talet på busettingsklare. Figuren syner at 183 av dei 344 lengeventande har blitt tildelt ein busettingskommune. Det vil vere viktig å halde fokus på å busette dei med lengst ventetid i tida framover.


Dei gule felta i figuren over tyder likevel at dei fleste busettingsklare har ei ventetid som er innanfor målsettinga.

Det er no størst del lengeventande blant einslege mindreårige, kor 49 pst har venta i meir enn 3 månadar. Fordi det totale talet på busettingsklare einslege mindreårige er 71, betyr det at dette gjeld 35 born. Dette skuldast mellom anna at det kan vere tidkrevjande å finne eit butilbod tilpassa den einskilde og at fleire skal busettast med ein følgjeperson. [Les meir om desse i neste del.](#)

Gruppa med lågast del lengeventande er einslege vaksne med 27 pst. [Les meir om denne gruppa i del 6.](#)

Dei uprikka felta i figur 3.4 gjeld dei som allereie er tildelt ein kommune (søkt ut). Av desse, vart 46 pst tildelt ein kommune innan 2 månadar etter vedtak om opphaldsløyve.

3.5 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - TOTALT



Talet på busettingsklare i mottak har ikkje vore så lågt på 10 år. Som figur 3.5 syner, har talet vore på veg ned sidan årsskiftet. Då er det samstundes viktig at talet på busettingsklare utan kommuneplass (dei som ikke er søkt ut enno) held tritt, og det same gjeld lengeventande.

Utviklinga i 2017 syner samtlege grupperingar har minka, noko som er positivt.

Talet på busettingsklare i mottak er venta å halde seg lågt framover.




Del 4: Einslege mindreårige

Det var busett 759 einslege mindreårige i 2017, kor av 273 vart busett av Bufetat. Talet på busettingsklare einslege mindreårige var 71 personar ved utgangen av året.

Då oppmodinga for 2017 vart sendt til kommunane, såg busettingsbehovet ut til å vere 1 100 einslege mindreårige. Behovet vart imidlertid lågare enn først antatt, og vart i februar redusert til 700. Dette har samband med lågare innkomstar enn venta. IMDi har vore i dialog med aktuelle kommunar om å redusere talet på busettingsplassar for denne gruppa i tråd med dette. [Les meir om busettingsplassar i del 10.](#)


4.1 MÅNADLEG BUSETTING AV EINSLEGE MINDREÅRIGE 2016 OG 2017



Busettinga av einslege mindreårige vart rekordhøg i 2016, med 1 599 busette. Til samanlikning var behovet for busetting av denne gruppa meir enn halvert i 2017. Det er difor ei venta utvikling at det har vore lågare busetting i samtlige månadar i 2017 samanlikna med førre år. Samla vart det busett 759 einslege mindreårige. Som figur 4.1 syner, var den største busettinga av einslege mindreårige i august.

I februar 2017 vart det slutta at IMDi skal busette einslege mindreårige med avgrensa løyve i påvente av dokumentert identitet, og som hadde søkt om fornying av løyvet. I juni vart det slutta at fornying ikkje var naudsynt og at samtlige einslege mindreårige med denne typen avgrensing i løyvet skal busettast. Ved utgangen av 2017 hadde 12 av dei 71 busettingsklare einslege mindreårige eit slikt løyve, medan 244 var busett i løpet av året.


4.2 BUSETTING EINSLEGE MINDREÅRIGE



Av dei 759 busette einslege mindreårige kom 725 frå mottak, kor av 62 pst vart busett av IMDi. Som hovudregel busetter IMDi einslege mindreårige over 15 år, medan Bufetat busetter dei under 15 år.

Det var 202 einslege mindreårige som fylte 18 år før busetting i 2017. Dette vert rekna inn i talet på busette einslege vaksne, og ikkje i talet for einslege mindreårige. Dei utløyser likevel særskilt kommunalt tilskot for busetting av einslege mindreårige. Samla er det difor busett 961 personar som har utløyst dette tilskotet.

4.3 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - EINSLEGE MINDREÅRIGE




Av dei einslege mindreårige som vart busett i 2017, hadde 62 pst ei ventetid på under 3 månadar. Måloppnåinga for einskildmånadar har variert mellom 43 pst (mars) og 80 pst (august).

Den samla måloppnåinga har auka til 62 pst frå 43 pst i 2016. Dette er ei sær positiv utvikling.

Gjennomsnittleg ventetid for einslege mindreårige som ventar på busetting er gått monaleg opp samanlikna med utgangen av 2016, frå 3,8 til 5,7 mnd. Dette legg grunnlag for ei nedgang i måloppnåinga i tida framover. Den auka ventetida heng saman med at det no er få busettingsklare i mottak, og einskildspersonar med lang venetid trekk opp snitttida.

4.4 DEL EINSLEGE MINDREÅRIGE BUSETT INNAN 3 MÅNADAR ETTER VEDTAK




Som figur 4.4 syner, har det vore ei positiv utvikling av den samla måloppnåinga i 2017 samanlikna med dei to siste åra. Den akkumulerte måloppnåinga for IMDi er no 67 pst og er på veg opp mot nivået i 2013, som er året med høgast måloppnåing både for IMDi og totalt.



Bufetat har og ei auke i måloppnåing frå 27 pst til 53 pst frå 2016. Den er likevel framleis låg. Dette har samanheng med at det tek tid for kommunane å etablere tiltak rundt den ein-skilde av desse borna, som gjerne har behov for tettare oppfølging grunna sin låge alder.

4.5 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE (IMDI OG BUFETAT SAMLA)



Figur 4.5 syner utviklinga i ventetider for einslege mindreårige som er busett frå mottak. Etter ei auke i ventetid i 2015 grunna høge inntomstar, har kommunane bygt opp ein kapasitet som svarar til talet som skal busettast. Dette har ført til ei positiv utvikling i ventetidene.

Samstundes kan ein sjå ei auke i tida frå tildeling av kommune-plass til busettinga finn stad. Det tyder at nedgangen i ventetid i hovudsak ligg i IMDi sin tidsbruk for å inngå avtale med kommunane om busetting av ein-skildpersonar.


4.8 BUSETTINGSKLARE EINSLEGE MINDREÅRIGE - BUSETTINGSPLASS OG VENTETID

| | IMDi | | Bufetat | | Totalt | |
|---------------|-----------|-----------------------|-----------|-----------------------|-----------|-----------------------|
| | totalt | kor av utan bus.plass | totalt | kor av utan bus.plass | totalt | kor av utan bus.plass |
| 0-3 mnd | 28 | 16 | 8 | 5 | 36 | 21 |
| 3-5 mnd | 7 | 2 | 6 | 3 | 13 | 5 |
| 6-8 mnd | 5 | 3 | 4 | 1 | 9 | 4 |
| 9-11 mnd | 2 | 2 | 1 | 1 | 3 | 3 |
| Over 12 mnd | 6 | 2 | 4 | - | 10 | 2 |
| Totalt | 48 | 25 | 23 | 10 | 71 | 35 |

Talet på busettingsklare einslege mindreårige var lågt gjennom første tertial, men auka i andre tertial med bakgrunn i at dei med avgrensa løyve i påvente av dokumentert identitet kunne busettast. Talet på einslege mindreårige som ventar på busetting ved utgangen av 2017 var nede i 71, kor av 35 enno ikkje er tildelt ein kommune. Talet på busettingsklare einslege mindreårige har ikkje vore på eit så lågt nivå sidan 2013.

Ved utgangen av 2017 budde 21 pst av det totale talet på busettingsklare einslege mindreårige i ordinære mottak med ein følgjeperson. Følgjepersonen er ofte eit eldre syskjen, ei tante eller ein onkel. Desse busettast ofte som ein familie, og ikkje i dei ordinære tiltaka kommunane har for einslege mindreårige.

4.6 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE MINDREÅRIGE




Ved utgangen av 2017 hadde litt over halvparten av dei 71 busettingsklare einslege mindreårige blitt tildelt ein kommune-plass.

Den samla gjennomsnittlege ventetida for dei busettingsklare einslege mindreårige har auka monaleg sidan utgangen av 2016, frå 3,8 månadar til 5,7 månadar. Dette har mellom anna samanheng med at når talet på busettingsklare er såpass lågt, vil dei med særleg høg ventetid ha større utslag på den gjennomsnittlege ventetida. Ei median ventetid på 2,9 månadar for dei busettingsklare einslege mindreårige understøttar dette.

I tillegg er det er stor skilnad i ventetid mellom dei ulike gruppene einslege mindreårige. Ventetida for dei som bur i omsorgssentre er 6,3 månadar, medan den er på 2,7 for dei som bur i mottak for einslege mindreårige. For dei einslege mindreårige med følgjeperson, er ventetida 11,6 månadar. Dette har samanheng med at den einslege mindreårige og følgjepersonen ofte får vedtak om opphald på ulike tidspunkt, og at det tek tid å kartleggje den beste busettingsløysinga for den ein-skilde einslege mindreårige.

4.7 UTVIKLING FOR VENTANDE I MOTTAK - EINSLEGE MINDREÅRIGE




Figuren over syner utviklinga for busettingsklare einslege mindreårige det siste året. Figuren syner at den kraftige nedgangen i talet på busettingsklare einslege mindreårige dei siste månadane i 2016 strakk seg fram til juni 2017. På dette tidspunktet vart det opna for at einslege mindreårige med avgrensing i løyvet i påvente av dokumentert identitet kunne busettast. Grafen viser difor ei stor auke i talet på einslege mindreårige som venta på busetting frå juni. Blant dei 71 som venta på busetting ved utgangen av 2017, var det 12 som hadde slikt løyve.

Del 5: Familjar

Det var busett 6 771 personar som var del av ei familieei-ning. 3 420 av desse var born under 18 år. Samstundes var det ved utgangen av året 650 busettingsklare personar i fam- ilieeiningar kor av 363 var born under 18 år.

5.1 BUSETTE FAMILIEEININGAR - PERSONKATEGORIAR



61 pst av dei totalt 11 078 busette i 2017 var del av ei familieei-ning. Dette er ei auke på 10 prosentpoeng samanlikna med 2016. Familieeiningane inkluderer gruppene born i familie, vaksen i familie med born og vaksen i familie utan born.

Figuren over syner at litt over halvparten av personane i fam- ilieeiningane var born, medan vaksne utgjorde 49 pst. Dei tynne, skraverte områda er busette personar som var i familie med ein eller fleire med vedtak utan rett til busetting. Dette gjaldt til saman 38 personar.

5.2 BUSETTING FAMILIAR

6 771



mottak
3 725



overføringsflyktingar
2 795



utanfor mottaks-
systemet
251

Det er ei auke i delen av dei busette som er del av ein fami- lieeining samanlikna med førre år. Av dei 6 771 busette som tilhøyrd familieeiningar vart 3 725 busett frå mottak, som utgjør 55 pst. Dette er på same nivå som dei siste åra. Det tyder at auka i delen busette som er del av ein familieeining har delt seg jamt på gruppene busett frå mottak og dei som vart busett som overføringsflyktingar.

98 pst av overføringsflyktingane er busett i 2017 var del av ein familieeining. [Les meir om overføringsflyktingar i del 8.](#)

251 av dei busette familiepersonane oppheldt seg utanfor mot- takssystemet før busetting.

5.3 BUSETTE BORNEFAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING

| | BORN | | FAMILIE- EININGAR | |
|---|-------|--------------|----------------------|--------------|
| | Tal | Del av total | Tal | Del av total |
| Fam der alle har rett til busetting | 3 395 | 99 % | 1 347 | 99 % |
| Fam der ikkje alle har rett til busetting | 25 | 1 % | 14 | 1 % |
| TOTALT | 3 420 | 100 % | 1 361 | 100 % |

Dei fleste bornefamiliane som er busett i 2017 var del av ein familie der alle kunne busettast. Dette gjaldt heile 99 pst av familiane.

Dei 3 420 borna var del av familjar som strakk seg opp til 12 personar. Den storleiken som forekom hyppigast var på 4 personar, og snittet var 4 personar. Det kan vere krevjande for kommunane å skaffe bustad for dei største familiane eller gjere andre tilretteleggingar før busetting.


IMDi prioriterer busetting av bornefamiliar på lik linje med eins- lege mindreårige. Busetting av bornefamiliar er tidkrevjande av fleire grunnar; mellom anna skal det gjennomførast ei kartleg- gjing av eventuelle behov for tilretteleiing av kvar einiskild person (t.d. plass i skule og bornehage).

I bornefamiliar er det ei særskild utfordring når eitt eller fleire familiemedlem har vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting. Løysinga for desse familiane er at dei får ein kommune å flytte til, og at det lagast ei særordning for dei i familien som ikkje har opphaldsløyve. Det kan vere utfordrande å få til slike avtaler med kommunane, ettersom personane utan ordinært løyve verken utløyser integreringstilskot eller har rett på introduk- sjonstønad eller introduksjonsprogram.

47 pst av dei 198 familiane som venta på busetting ved utgan- gen av året, hadde eitt eller fleire medlem utan grunnlag for busetting. Til samanlikning hadde berre to prosent av familiane som vart busett til no eit medlem med løyve som ikkje ga grunnlag for busetting. Den store skilnaden syner kor krev- jande det er å få busett familjar der eitt eller fleire medlem ikkje har rett på busetting.



5.4 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - FAMILIAR




IMDi har som målsetting at familiar skal busettast innan tre månadar etter vedtak.

Familiane som er busett i 2017 hadde ei ventetid frå vedtak til busetting som svara til ei samla måloppnåing på 22 pst. Figur 5.4 syner at måloppnåinga i dei ulike månadane har variert mellom 40 pst (april) til 13 pst (august).

41 pst av dei busette personane i familieeiningar, kjem til Noreg som overføringsflyktningar. I tillegg til tilretteleiinga i forkant av busetting som er omtala under 5.3, tek det tid å organisere reisen deira frå landa dei oppheld seg i til Noreg. Dette bidrar til å gjere det krevjande å busette desse innan tre månadar etter vedtak om opphald.


Samla var 82 pst av familiepersonane busett innan 6 månadar etter vedtak om opphald.

5.5 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - PERSONAR I FAMILIEEININGAR



Figuren over syner ventetidane til dei ulike persongrubbane som utgjer dei busette familiane. Samla har familiane om lag lik ventetid som det som gjeld den samla busettinga. Det er familiar utan born som har høgast ventetid. Dette heng saman med at IMDi prioriterar busetting av bornefamiliar.


5.6 HISTORIKK VENTETID (MND) FØR BUSETTING FRÅ MOTTAK - FAMILIAR



Figur 5.6 syner historikk i gjennomsnittleg ventetid for busette familiar frå mottak. Ventetidene har gått monaleg ned sidan 2015, frå 7,8 mnd til 5,0 mnd frå vedtak til busetting. Dette har samanheng med at mange lengeventande vart busett i 2015, samstundes som busettingskapasiteten i kommunane har vore høg dei siste åra. Det er på så måte ei venta utvikling.

Det har vore ei auke i ventetid frå 2016 til 2017. Auka ligg både i tida IMDi brukar for å tildele kommune, og tida frå tildeling av kommune til busetting.

5.7 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - PERSONAR I FAMILIEEININGAR



Av dei 650 personane i familieeiningar som var busettingsklare ved utgangen av året, var 363 born. 40 pst av familiepersonane hadde fått tilbod om busettingsplass.

Blant familiepersonane var det berre 11 som venta på busettingssamtale i mottaket. Informasjonen frå samtalen er med på å førebu sakshandsaminga slik at naudsynte tilretteleggingar kan takast omsyn til i busettinga. Av dei 391 som ikkje var blitt tildelt ein kommune (søkt ut), var det 122 som var i familie med nokon som ikkje kunne busettast. IMDi jobbar med å løyse busettingssakene deira, men det er ein særskilt lang prosess, jf. det som er skriven om desse familiane under 5.3.

5.9 BUSETTINGSKLARE BORNEFAMILIAR - MED OG UTAN RETT TIL BUSETTING*

| | BORN | | FAMILIE- EININGAR | |
|---|------------|--------------|----------------------|--------------|
| | Tal | Del av total | Tal | Del av total |
| Fam der alle har rett til busetting | 236 | 65 % | 104 | 53 % |
| Fam der ikkje alle har rett til busetting | 127 | 35 % | 94 | 47 % |
| TOTALT | 363 | 100 % | 198 | 100 % |

*Tala inkluderar born i familie både med og utan busettingsplass

Dei 363 busettingsklare borna tilhørde 198 familieeiningar. I 47 pst av desse familiane var det personar som ikkje hadde rett til busetting, og 35 pst av dei busettingsklare borna var del av ein slik familie jf. problemstillinga som er nemnt under 5.3.

5.10 BUSETTINGSKLARE PERSONAR I FAMILIEEININGAR

| Ventetid | Kompliserande vedtak | Ukompliserande vedtak | Totalt |
|---|----------------------|-----------------------|-------------|
| Under 3 mnd | 34 | 348 | 382 |
| 3-6 mnd | 28 | 73 | 101 |
| 6 mnd - 1 år | 33 | 64 | 97 |
| Over 1 år | 57 | 13 | 70 |
| Totalt | 152* | 498* | 650* |
| Gjennomsnittleg ventetid i månadar | 14,3 | 3,2 | 5,8 |

*Tala inkluderar personar som er blitt tildelt ein kommuneplass, men som ventar på å flytte til kommunen.


Den gjennomsnittlege ventetida frå vedtak for alle busettingsklare familiepersonar har gått opp frå 4,0 månadar i 2016 til 5,8 månadar i 2017.

Lågare ventetid ser ein viss ein trekker frå personar i familie med nokon som har vedtak som ikkje gir grunnlag for busetting (i tabellen kalt kompliserande vedtak). Personar i familieeiningar utan slike kompliserande vedtak har ei ventetid på 3,2 månadar medan personar som er i familie med nokon som har slike vedtak har ei gjennomsnittleg ventetid på om lag 14,3 månadar. Den store skilnaden er med på å synleggjere den store utfordringa det er å busette personar som er i familie med nokon som ikkje har rett til busetting.

Del 6: Einslege vaksne


Einslege vaksne ventar stadig kortere frå vedtak om opphald til busetting.

6.1 BUSETTING EINSLEGE VAKSNE



I 2017 vart det busett 3 495 einslege vaksne. Av dei busette vart fleirtalet busett frå mottak, medan 28 var overføringsflyktningar og 147 oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting.

6.2 VENTETID (MND) FRÅ VEDTAK TIL BUSETTING - EINSLEGE VAKSNE




Samla utgjør einslege vaksne 32 pst av alle busette i 2017, noko som er ein nedgang frå 39 pst i 2016. I snitt var ventetida deira 5,3 månadar frå vedtak til busetting, og er noko høgare enn for den samla busettinga. Skilnaden i ventetid mellom dei ulike personsgruppene er liten samanlikna med tidlegare år.

Ventetida frå vedtak om opphald til busetting har gått ned frå 5,6 månadar i fjor, og ytterlegare frå 10,8 i 2015. Denne nedgangen tyder at kommunane har vorte flinkare til å planlegge busetting av einslege vaksne. I staden for at kommunane må finne ein bustad til kvar av dei einslege, vert mange av dei busett i bufellesskap. Dette medverkar til at fleire vert busett raskare.

Av dei som nyttar seg av avtalt sjølvbusetting, som omtala under 2.5, er fleirtalet einslege vaksne. Blant dei 472 som nytta seg av avtalt sjølvbusetting i 2017, var 294 einslege vaksne. Desse hadde ei gjennomsnittleg ventetid på 4,0 månadar frå vedtak til busetting, samanlikna med 5,3 månadar for einslege vaksne totalt.




6.3 MÅNADLEG MÅLOPPNÅING - EINSLEGE VAKSNE



Ettersom einslege vaksne utgjør ein stor del av den samla busettinga, vil måloppnåinga deira i stor grad påverke den samla måloppnåinga. Det er ei målsetting at 90 pst av alle einslege vaksne skal busettast innan 6 månadar etter vedtak om opphald. Resultatkravet vart auka frå 55 pst til 90 pst i 2017.

Måloppnåinga for einslege vaksne har variert frå 49 pst (juli) til 81 pst (februar). Dette gav ei samla måloppnåing på 69 pst i 2017. 97 pst av dei enslege vaksne vart busett innan 12 mnd etter vedtak om opphald.

6.4 BUSETTINGSKLARE MED OG UTAN BUSETTINGSPLASS - EINSLEGE VAKSNE




Blant dei 324 busetningsklare einslege vaksne i mottak var det 52 pst som hadde fått tilbod om busetningsplass ved utgangen av andre tertial. Dette er ei auke på 13 prosentpoeng samanlikna med utgangen av fjoråret.

I tråd med at mange vert tildelt busetningskommune og ei raske busetting av einslege vaksne, har delen lengeventande blant dei einslege vaksne vorte redusert frå 43 pst ved utgangen av 2015, til 27 pst ved utgangen av 2017. Samstundes er det ein auke i del frå utgangen av fjoråret, då berre 10 pst var lengeventande.

Den gjennomsnittlege ventetida for dei einslege vaksne som ventar i mottak er no 4,7 månadar. Det vil vere viktig å ha fokus på å busette dei som har venta lengst.

Del 7: Nasjonalitet

7.1 NASJONALITET BUSETTE




Det vart busett personar frå 53 ulike nasjonar i 2017. I tillegg kjem statslause. Dei tre største nasjonalitetsgruppene var syrarar, eritrearar og afghanarar. Syrarar utgjorde heile 61 pst av dei busette, medan eritrearar og afghanarar begge utgjorde 8 pst. Dei øvrige nasjonalitetsgruppene utgjorde til saman 23 pst. Dei tre største nasjonalitetsgruppene er dei same som i 2016.

60 pst av syrarane vart busett frå mottak eller oppheldt seg utanfor mottakssystemet før busetting, medan 40 pst kom som overføringsflyktningar. [Les meir om overføringsflyktningar i neste del.](#)

Dei einslege mindreårige var busett i 2017, kom frå 13 ulike nasjonar. I tillegg kjem statslause. Afghanarar er framleis den klart største gruppa, og utgjorde 74 pst av dei busette einslege mindreårige. Syrarar og eritrearar utgjorde høvesvis 13 pst og 6 pst. Dei øvrige nasjonalitetsgruppene utgjorde til saman kun 7 pst.

7.2 NASJONALITET BUSETTINGSKLARE



Dei 1 045 busetningsklare personane i mottak ved utgangen av 2017 kom frå til saman 32 nasjonar. I tillegg kjem statslause. Syrarar var den største nasjonalitetsgruppa også blant dei busetningsklare, og utgjorde 35 pst. Etter syrarar fulgte eritrearar med 19 pst, og afghanarar med 9 pst.

Dei 71 busetningsklare einslege mindreårige kom frå til saman 9 ulike nasjonar. I tillegg kjem statslause. Afghanarar var den største nasjonalitetsgruppa, og utgjorde over halvparten av alle busetningsklare einslege mindreårige.

7.3 BUSETTINGSKLARE I MOTTAK - NASJONALITET OG PERSONKATEGORI

| Nasjonalitet | Einslege kvinner | Einslege menn | Familiar, kvinner | Familiar, menn | Totalt |
|---------------|------------------|---------------|-------------------|----------------|--------------|
| Syria | 12 | 99 | 123 | 136 | 370 |
| Eritrea | 55 | 64 | 51 | 31 | 201 |
| Afghanistan | 2 | 62 | 14 | 11 | 89 |
| Irak | 6 | 17 | 33 | 33 | 89 |
| Tyrkia | 1 | 3 | 23 | 26 | 53 |
| Statsløs | 2 | 8 | 23 | 17 | 50 |
| Somalia | 3 | 9 | 23 | 10 | 45 |
| Etiopia | 2 | 3 | 26 | 7 | 38 |
| Iran | 3 | 15 | 8 | 10 | 36 |
| Bangladesh | - | 1 | 9 | 5 | 15 |
| Andre | 9 | 19 | 20 | 11 | 59 |
| Totalt | 95 | 300 | 353 | 297 | 1 045 |

Tabellen over syner korleis fordelinga er mellom kjønn, nasjonalitet og personkategori. Den største einskildgruppa i tabellen er menn/gutar i familiar frå Syria, som utgjorde 13 pst av alle busettingsklare.

Blant einslege var det 24 pst kvinner og 76 pst menn, medan kvinner utgjorde 54 pst av personar som er del av ein familieeiing. Samla sett utgjorde kvinner 34 pst av busette og 43 pst av dei busettingsklare ved utgangen av 2017.

7.4 BUSETTE - NASJONALITET OG MÅLOPPNÅING

| Nasjonalitet | Totalt | Del busett innan 6 mnd | Del busett innan 12 mnd |
|---------------|----------------|------------------------|-------------------------|
| Syria | 6 763 | 76 % | 96 % |
| Eritrea | 922 | 65 % | 93 % |
| Afghanistan | 831 | 77 % | 92 % |
| Iran | 621 | 67 % | 93 % |
| Irak | 530 | 64 % | 89 % |
| Statslaus | 433 | 72 % | 92 % |
| Etiopia | 207 | 54 % | 81 % |
| Jemen | 105 | 61 % | 88 % |
| Somalia | 93 | 45 % | 78 % |
| Sudan | 86 | 40 % | 92 % |
| Andre | 434 | | |
| Totalt | 11 078* | 76 % | 97 % |

*Totaltalet inkluderer 53 personar med skjerma identitet.

Tabellen over syner samanhengen mellom nasjonalitet og måloppnåing. Dei busette syrarane, som utgjør den største nasjonalitetsgruppa, har ei måloppnåing på same nivå som den samla busettinga.

Lågast måloppnåing finnar ein blant busette frå Sudan og Somalia. Fordi det er så få som er busett frå desse nasjonalitetsgruppene, får busette med lang ventetid stor påverknad på måloppnåinga.

Del 8: Overføringsflyktningar

8.1 BUSETTING AV OVERFØRINGSFLYKTNINGAR

| | |
|-----------------------|--------------|
| Busette | 2 838 |
| Bodsndte, ikkje komne | 456 |
| Totalt | 3 294 |

I 2017 vart det busett 2 838 overføringsflyktningar. I tillegg til dei busette, vart det sendt reisebestilling for 456 overføringsflyktningar som fyrst vil bli busett i løpet av første tertial i 2018.

Kvota for uttak av overføringsflyktningar i 2017 var 3 120, kor av 3 000 skal vere syrarar. Av dei 2 838 overføringsflyktningane som vart busett i 2017, var difor 94 pst syrarar. Dei øvrege 120 var ubunden av opprinnelsesland. Desse overføringsflyktningane tilhørte 17 ulike nasjonalitetsgrupper. I tillegg kjem statslause.

I 2017 er det gjennomført til saman sju uttakskommisjonar i Libanon og Tyrkia. IMDi deltok på uttakskommisjonane saman med UDI, PU og PST. Dei andre overføringsflyktningane blir fremma som einskildsakar.

Familiar vert prioritert under uttakskommisjonar. 98 pst av dei busette overføringsflyktningane i 2017 var del av ein familieeiing.

Del 9: Særskilt tilskot for busetting

9.1 UTBETALING AV TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR

| FH-TILSKOT | |
|-------------------|-------------------|
| Tilskot 1: | Tilskot 2: |
| 72,8 mill. kr | 479,2 mill. kr |
| 404 utbetalningar | 975 utbetalningar |

I 2017 vart det til saman innvilga 552 millionar kroner i særskilt tilskot til kommunar som busett flyktningar med nedsett funksjonsevne og/eller åtferdsvanskar. Desse delte seg på 1 379 saker.

Summen for 2017 utgjorde ei auke på meir enn 115 millionar kroner samanlikna med fjoråret, og ei auke på om lag 165 millionar frå 2015. Det er difor ei tydeleg auke i utbetalningar av tilskotet. Samstundes er det kun ei mindre auke i talet på saker samanlikna med 2016, frå 1 053 til 1 379. Det vil seie at det gjennomsnittlege utbetalingsbeløpet per sak har gått ned, frå om lag 414 000 i 2016 til om lag 400 000 i 2017. Det auka talet på søknadar har vore ei venta utvikling sett i samanheng med den høge busettinga dei siste åra, samstundes som fleire kommunar busett enn tidlegare og tilskotet blir kjent for fleire.

Dei innvilga sakene i 2017 kom frå 183 kommunar, samanlikna med 162 i 2016 og 154 i 2015. Dette heng truleg saman med den auka busettinga dei siste åra, og auka i talet på kommunar som busett.



Talet på busettingskommunar har auka frå 340 i 2014 til 411 i 2016 og 386 i 2017. Søknadane i 2017 gjeld i stor grad personar som er busett åra før av di søknadsfristen er om lag eitt år etter busettinga.

9.2 TILSKOT VED BUSETTING AV PERSONAR MED ALVORLEGE FUNKSJONSHEMMINGAR OG/ELLER ÅTFERDSVANSKAR - KJØNN OG ALDER

| | MANN | KVINNE | TOTALT |
|---------------|------------|------------|--------------|
| Under 18 år | 444 | 212 | 656 |
| 18 - 24 år | 171 | 65 | 236 |
| 25 - 39 år | 157 | 115 | 272 |
| 40 - 59 år | 97 | 90 | 187 |
| Over 60 år | 12 | 16 | 28 |
| Totalt | 881 | 498 | 1 379 |

Medan kjønnsdelinga for personar som utløyser tilskotet har vore stabil over tid, har det dei siste åra vore ei auke i delen menn som utløyser tilskotet. Delen har auka frå 56 pst i 2015 til 59 pst i 2016, og enda på 64 pst i 2017.

Det er mindreårige som utgjer den største einskilde aldersgruppa, og utløyser 48 pst av utbetalingane. Dette er på nivå med førre år.

Del 10: Vedtak om busettingsplassar

I 2017 vart det registrert vedtak om 12 158 busettingsplassar i kommunane. Av desse var 795 meint for einslege mindreårige.

10.1 MÅLTAL OG VEDTAK OM BUSETTINGSPLASSAR

| | Totalt |
|--|-----------|
| Måltal for busetting | 11 500 |
| Oppmoda busettingsplassar | 12 714 |
| Vedtak om busettingsplassar | 12 158 |
| Tal på kommunar som er oppmoda (med positivt vedtak) | 401 (381) |

10.2 MÅLTAL OG VEDTAK OM BUSETTINGSPLASSAR FOR EINSLEGE MINDREÅRIGE

| | Totalt |
|--|-----------|
| Måltal for busetting | 700 |
| Oppmoda busettingsplassar | 747 |
| Vedtak om busettingsplassar | 795 |
| Tal på kommunar som er oppmoda (med positivt vedtak) | 116 (114) |

I tråd med nye ankomstprognosar, vart måлтаlet for busetting i 2017 redusert frå 12 000 til 11 500 av Nasjonalt utval for mottak og busetting. Det samla måлтаlet på 11 500 inkluderer og einslege mindreårige over og under 15 år, som busettes av høvesvis IMDi og Bufetat. Desse har eit eiga måltal, som i februar vart justert frå 1 100 til 700.


Ved slutten av året var det registrert vedtak om 12 158 busettingsplassar i 381 kommunar. Dette utgjorde 96 pst av plassane det vart oppmoda om. Sjølv om 20 kommunar anten ikkje svarer på oppmodinga eller svarer nei, var det 49 kommunar som vedtok fleire busettingsplassar enn oppmoda. På overordna nivå har difor kommunane vist ei vilje til å busette i tråd med behovet.

Busettinga på 11 078 svarar til ei plassutnytting på 91 prosent, og 96 pst av måлтаlet. IMDi arbeider for at alle plassane som kommunane til ein kvar tid stiller til disposisjon skal nyttast.

Det har vore store endringar i busettingsbehovet for einslege mindreårige dei siste åra. Gjennom 2016 vart behovet justert frå 4 400 heilt ned til 1 600. Då oppmodinga for 2017 vart sendt ut i oktober 2016, såg behovet ut til å verte 1 100. Det vart imidlertid endringar gjennom det neste halve året, og behovet vart i februar 2017 justert til 700. Dette hadde samanheng med lågare innkomstar enn venta, samt ei lågare innvilging hjå UDI. IMDi sendte difor i februar ei ny oppmoding til aktuelle kommunar, og har vore i dialog med dei om eit redusert tal på busettingsplassar for desse borna.

Talet på busettingsplassar til einslege mindreårige enda med å svare til behovet.

10.3 BUSETTINGSVEDTAK I HØVE TIL OPPMODING



Blant kommunane som har svart ja på oppmodinga, var det 49 kommunar som ynskja å busette fleire personar enn dei vart oppmoda om. I tillegg kom 294 kommunar som hadde fatta vedtak om å følgje oppmodinga.

Nokre kommunar fatta vedtak om lågare tal enn oppmodinga. IMDi gjekk glipp av 465 busettingsplassar grunna dette.

I kommunane som anten ikkje har svart eller som har avvist oppmodinga frå IMDi, var det eit potensiale for om lag 432 busettingsplassar.

10.4 KOMMUNESTORLEIK (FOLKETAL) OG VEDTAK OM BUSETTING

| | under 3 000 | 3 000- 8 000 | 8 000- 15 000 | 15 000- 25 000 | over 25 000 | Totalt |
|---------------|----------------|-----------------|------------------|-------------------|----------------|------------|
| 1-10 | 91 | 40 | | | | 131 |
| 11-20 | 32 | 61 | 13 | 2 | 1 | 109 |
| 21-30 | 3 | 16 | 11 | 10 | 1 | 41 |
| 31-40 | | 6 | 22 | 7 | 2 | 37 |
| 41-50 | | 1 | 8 | 4 | 2 | 15 |
| 51-60 | | 1 | | 8 | 4 | 13 |
| 61-70 | | | 1 | 2 | 5 | 8 |
| 71-80 | | | | 2 | 4 | 6 |
| 81-90 | | | | | 5 | 5 |
| 91-100 | | | | | | |
| Over 100 | | | | | 16 | 16 |
| Utan vedtak | 33 | 6 | 4 | | 2 | 45 |
| Totalt | 159 | 131 | 59 | 35 | 42 | 426 |

Tabell 10.4 syner forholdet mellom kommunestorleik og vedtak om busetting. Kommunane som ikkje er oppmoda kjem fram saman med kommunane som sa nei til busetting eller var utan vedtak. Desse tel 45 til saman. Dei fleste av dei tilhørde den minste kommunekategorien, altså færre enn 3 000 innbyggjarar.

Det var til saman 131 kommunar som hadde vedtak om å busette 1-10 flyktningar, kor av alle tilhørde dei to minste kategoriene av kommunar, altså færre enn 8 000 innbyggjarar.

I hovudsak syner tabellen ein samanheng mellom folketal og vedtak om busetting.

10.5 KOMMUNEVEDTAK OG BUSETTING

| | Ingen busetting | 1-10 | 11-20 | 21-30 | 31-40 | 41-50 | 51-60 | 61-70 | 71-80 | 81-90 | 91- 100 | Over 100 | Totalt |
|---------------|--------------------|------------|------------|-----------|-----------|-----------|-----------|----------|----------|----------|------------|-------------|------------|
| 1-10 | 14 | 97 | 19 | 1 | | | | | | | | | 131 |
| 11-20 | 2 | 23 | 74 | 10 | | | | | | | | | 109 |
| 21-30 | | 2 | 12 | 24 | 2 | 1 | | | | | | | 41 |
| 31-40 | | | 1 | 10 | 25 | 6 | 1 | | | | | | 37 |
| 41-50 | | | | | 3 | 1 | 6 | | | | | | 15 |
| 51-60 | | | | | 1 | 4 | 8 | | | | | | 13 |
| 61-70 | | | | 1 | 1 | 2 | 2 | 2 | | | | | 8 |
| 71-80 | | | | | | | 1 | 5 | | | | | 6 |
| 81-90 | | | | | | | | | 3 | 2 | | | 5 |
| 91-100 | | | | | | | | | | | | | 0 |
| Over 100 | | | | | | | | | 1 | | 1 | 14 | 16 |
| Utan vedtak | 24 | 13 | 4 | | 2 | | 1 | 1 | | | | | 45 |
| Totalt | 40 | 135 | 110 | 46 | 34 | 13 | 19 | 8 | 4 | 2 | 1 | 14 | 426 |

Tabellen over syner forholdet mellom kommunevedtak (vertikal akse) og faktisk busetting (horisontal akse) i 2017.

Kommunar som er markert med grønt har busett fleire enn dei har vedtak om. Kommunar markert med gult ligg etter med busetting sett i samanheng med vedtaket sitt.

Markeringa tek kun hensyn til personar som er busett innan utgangen av året - og tel ikkje personar som er blitt tildelt ein kommune, men som enno ikkje har flytta dit. Dette gjeld nesten 500 personar. Det er difor ei rekke kommunar som ved utgangen av året var i prosess med å fylle enda fleire av busettingsplassane sine, men som av ulike årsakar ikkje rakk det før års slutt.

IMDi har registrert busetting i til saman 386 kommunar i 2017, samanlikna med 411 i fjor. Denne nedgangen er naturleg, sett i samanheng med ei lågare busetting i år enn i fjor. På same måte vil talet på busettingskommunar synke ytterlegare neste år.

Oppmodinga for 2018 vart sendt ut i november 2017, og reflekterte eit sterkt redusert busettingsbehov på 4 400 busettingsplassar. Oppmodinga vart difor begrensa til kommunar av ein viss storleik og med ei minimum oppmoding på 10 busettingsplassar.